



KULTURDEPARTEMENTET SIN NYNORSKPRIS FOR JOURNALISTAR

Årsrapport 2015

Kulturjournalist og kommentator Jan Zahl, i Stavanger Aftenblad, fekk Kulturdepartementet sin nynorskpris i år.

- Jan Zahl har betydd mykje for nynorsken i eit område, som meir enn nokon andre, har merka språkleg påverknad frå heile verda. Med røter på Jæren og språkleg medvit i Stavanger Aftenblad i ryggen, har Zahl skrive seg inn i ein tydeleg nynorsk skrifttradisjon, heiter det i fråsegna frå juryen.

Prisen på 50.000 kroner, diplom og eit trykk av Per Kleiva vart delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 26. juni.

Magni Øvrebotten

25.09.2015

KULTURDEPARTEMENTET SIN NYNORSKPRIS FOR JOURNALISTAR

Årsrapport 2015

Kritiserte statsråden og fekk pris same dag

– Eg gjer ikkje noko stort nummer ut av at eg skriv nynorsk, eg gjer det berre, akkurat på same måte som eg et, pustar og søv. Og eigentleg er eg mindre oppteken av å skriva nynorsk enn av å skriva godt. Men eg skriv best på nynorsk, rett og slett fordi skriftspråket ligg så tett på måten eg snakkar og tenkjer på, sa Jan Zahl då han takka for prisen.



Prisvinnaren med kunst av Per Kleiva.
Foto: Hild Nordal/Sunnmørsposten

Same dag som juryleiar Håkon Haugsbø ringde Jan Zahl om nynorskprisen frå Kulturdepartementet, hadde Zahl på trykk ein kommentar om statsråden. Der konkluderte han med at Thorhild Widvey er den svakaste kulturministeren landet har hatt på mange år, og at ho har vist seg som eitt av regjeringas aller dårlegaste kort.

– I andre land, ikkje så langt unna, får ein sparken, vert sendt i fengsel eller må døy for slik kritikk. I Noreg risikerer ein å få ein pris. Det er akkurat slik det skal vera, og eit sunnheitsteikn for det liberale demokratiet me bør vera svært glade for at me lever i, sa Zahl i takketalen.

Jan Zahl (46) har fartstid frå Dagbladet, Dagsavisen, TV2 og som redaktør i Forskarforum. Han har skriva fleire bøker,

mellom anna «Kontroll på kontinentet. Historia om Kaizers Orchestra». Jan Zahl har hovudfag i samanliknande politikk og mellomfag i spansk. Han kjem frå Bryne på Jæren.

Juryen trekkjer fram Zahl's tvisyn, i tradisjonen frå Aasmund Olavsson Vinje.

– Anten han skriv om håplause Oslo- og Stavangerpolitikarar, det skamlause klikkhysteriet i norske medium, eller om den moderne mannsrolla, er det gjort slik at ein må gråta på eine auget og le på det andre, skriv juryen.

Det var juryleiar Håkon Haugsbø som skulle ha delt ut prisen i Ørsta. Men som kommunikasjonssjef i Kirkens Nødhjelp vart han på kort varsel sendt til Sør-Sudan på oppdrag, og dei to andre i juryen hadde bunde seg til andre gjeremål den dagen. Difor var det sekretær for juryen, Magni Øvrebotten, som delte ut prisen til Jan Zahl.



Knut Aastad Bråten underheldt. Foto: Hild Nordal/Sunnmørsposten.

Prisutdelinga i Ørsta vart råma inn av langeleikspel og kåseri av **Knut Aastad Bråten**, redaktør i Syn og Segn og folkemusikar. Han spelte og kåserte om kva eigenskapar og meiningar vi vert tillagt når vi brukar dialekt og nynorsk.

Juryen og føremålet

Håkon Haugsbø, kommunikasjonssjef i Kirkens Nødhjelp, er leiar for juryen. Medlemmer er Agnes Ravatn, forfattar og journalist i Dag og Tid, og Svend Arne Vee, redaktør i Firdaposten. Leiaren for NRK Nynorsk mediesenter er sekretær for juryen. Den oppgåva var departementet si gåve til mediesenteret då det opna i 2004.

Føremålet med prisen er å fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som brukar språket, og som er eit føredøme for andre. Prisen vert gjeven til ein dyktig journalist som har utmerka seg med bruk av levande og god nynorsk i norske medium, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve

nynorsken status og innpass på nye område. Vinnaren får 50.000 kroner, diplom og eit norsk kunstverk. I år var det eit trykk av kunstnaren Per Kleiva.

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar har vore delt ut sidan 2006. Desse har fått prisen: Linda Eide, NRK, Kjell-Erik Kallset, Dagsavisen, Odd Reidar Solem, TV 2, Ronny Brede Aase, NRK P3, Astrid Brekken, NRK P2, Njord V. Svendsen, Bergens Tidende. Katrine Sele, Firda og Hilde Sandvik, Bergens Tidende delte prisen i 2012. Deretter fekk Christian Wiik Gjerde, NRK Super og Ingunn Solheim, NRK, prisen kvar sitt år.



I juryen sit Agnes Ravatn, Håkon Haugsbø og Svend Arne Vee
(Foto: Randi Indrebø/NRK)

Heile grunngjevinga frå juryen:

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar går i år til Jan Zahl. Han er kulturjournalist og kommentator i Stavanger Aftenblad. Det har han vore sidan 2007.

Før den tid arbeidde han 10 år i Oslo, som journalist i mellom anna Dagbladet, Dagsavisen, TV 2 og som redaktør i Forskarforum. Han har også skrive fleire bøker, mellom anna "Kontroll på kontinentet. Historia om Kaizers Orchestra". Jan Zahl har hovudfag i samanliknande politikk og mellomfag i spansk. Han kjem frå Bryne.

Som student hadde han sommarjobb i Stavanger Aftenblad midt på 1990-talet. Sjefen hans, Tom Hetland, gav han råd om at det kunne vere lurt å skrive nynorsk. – Det er så mange som skriv bokmål. Det er lettare å skilje seg ut og få si eiga stemme og eigen identitet om du skriv nynorsk, sa Hetland.

Jan Zahl har betydd mykje for nynorsken i eit område, som meir enn nokon andre, har merka språkleg påverknad frå heile verda. Med røter på Jæren og språkleg medvit i Stavanger Aftenblad i ryggen, har Zahl skrive seg inn i ein tydeleg nynorsk skriftradisjon. Kritiske blikk på Oslo-makta med Vestlandet som ståstad, målbore på nynorsk, er ikkje kvardagskost i norske medier.

Merkelappen «tvisyn» er kanskje oppbrukt når nynorskskrivande journalistar skal heidrast. Men i tilfellet Zahl er det Vinje sitt tvisyn som karakteriserer prisvinnaren sin skrive- og tenkemåte best. Anten han skriv om håplause Oslo- og Stavangerpolitikarar, det skamlause klikkhysteriet i norsk media, eller om den moderne mansrolla, så er det gjort slik at at ein må gråta på eine auget og le på det andre.

Jan Zahl kan kunsten å sjå same sak i ulikt lys; eit latterleg og eit alvorleg. Han skriv komisk om det alvorlege og alvorleg om det komiske – men er ikkje ein spottegauk som på død og liv må gjere narr av alt.

Med finstemt, varm humor skriv han observante portrett, der han brukar seg sjølv i tekstane, utan at han står i vegen for dei han skriv om. Tvert imot bidreg nærveret hans til å skape tillit og nærleik til det omtalte. Han er ikkje hoven eller sjølvfornøgd, men sjølvvirk, sympatisk og folkeleg, alltid på lag med lesarane.

I eit levande, munnleg språk skriv han både beiskt og muntert om ei rekke emne. Når han deler ut spark oppover, anten det er til lokalpolitikarar, hovudstadspressa eller regjeringskontora, er det aldri berre surt og negativt. I Zahl sine kommentarartiklar er det alltid to rørsler: ei kritisk og ei konstruktiv, slik at vi med Vinje kan seie at den eine «gjenger Aust ned mot Botnen og den andre Vest opp mot Dagen. Det rotnar ikkje daa».

Takketalen frå Jan Zahl:

Takk for pris, og takk for gode ord.

Eg veit ikkje korleis det er med dykk, men eg får veldig sjeldan telefonar frå Håkon Haugsbø. Men utpå ettermiddagen 7. mai, fekk eg altså det. Eg var på jobb – og lurte fælt på kvifor han ringte. Håkon og eg var på nikk då eg budde i Oslo, nå spurde han om eg hugsar han, eg svarte at han var vanskeleg å gløyma, mens hjernen min kverna i veg på kvifor i all verda han ringte meg. Så sa han at han ringte i eigenskap av noko eg ikkje fekk med meg, men som hadde noko med Kulturdepartementet å gjera. Så då skjønna eg kvifor han ringte.

Same dag hadde eg nemleg på trykk ein særst streng kommentar om statsråden, der eg konkluderte med at Thorhild Widvey er den svakaste kulturministeren landet har hatt på mange år, og at ho har vist seg som eitt av regjeringas aller dårligaste kort.

Og nå ringte altså Håkon Haugsbø på vegne av departementet. Skulle han kjefta på meg? Hadde dei funne ein faktafeil dei kunne ta meg på? Men så viste det

seg at eg ikkje skulle få refs for min kritiske journalistikk, men ein gjev pris – og at Håkon Haugsbø ringte i eigenskap av juryformann.

Ein av journalistane som i ettertid har intervju meg om prisen, lurte på om det ikkje var lett ironisk at eg får ein pris frå Kulturdepartementet same dag som eg skriv ein kritisk kommentar om kulturministeren. Men det er faktisk verken ironisk eller paradoksalt i det heile tatt. Det er tvert om akkurat slik det skal vera, og eit sunnheitssteikn for det liberale demokratiet me bør vera svært glade for at me lever i. For mens journalistar i andre regime risikerer å bli arrestert når dei skriv kritiske artiklar om statsmakta, risikerer me altså i Norge å få ein pris.

Det pussige er at eg får heider og ære for noko som for meg sjølv framstår som heilt kvardagsleg, normalt og udramatisk. Eg går kvar dag på jobb, og så skriv eg tekstar i den målforma som kjennest som ein naturleg del av meg. Eg gjer ikkje noko stort nummer ut av at eg skriv nynorsk, eg gjer det bare, akkurat på same måte som eg et, pustar og søv. Og eigentleg er eg mindre oppteken av å skriva nynorsk enn av å skriva godt. Men eg meiner altså at eg skriv best på nynorsk, rett og slett fordi skriftspråket ligg så tett på måten eg snakkar og tenkjer på. Skriv eg bokmål – og det har eg også gjort – så er det ein avstand til skriftspråket som rett og slett gjer at eg ikkje skriv like bra.



Jan Zahl takkar (Foto: Hild Nordal/Sunnmørsposten)

Ein annan naturleg del av identiteten min, som heng tett saman med språket mitt, er at eg er vestlending. Og når me først snakkar om avstand, er det ikkje til å koma bort frå at vestlendingar, akkurat som trøndarar eller nordlendingar, opplever at det er ein viss avstand ikkje bare det til østnorske skriftspråket, men også til Østlandet og ganske særleg Oslo. Du skal ikkje tilbringa meir enn ti minuttar på Vestlandet før nokon har slengt eit verbalt spark mot «dei der inne i Oslo».

Denne konfliktlinja mellom sentrum og periferi har vore – og er framleis – heilt avgjerande for Norge; store delar av partisystemet vårt er til dømes basert på denne geografiske og kulturelle skiljelinja. Og med så mykje makt konsentrert sentralt i Oslo, meiner eg altså at dette er ein dimensjon me som jobbar som journalistar ute i provinsen heller bør dyrka enn å underslå. Det er meir enn nok Oslo-perspektiv på det meste som skjer her i landet, ganske særleg når alle dei såkalla «nasjonale» avisene held til der, og ikkje minst fordi NRK Marienlyst ligg der det gjer. Då blir det lett slik at lokale Oslo-saker, som kor dei skal bygga nytt bibliotek eller eit museum, blir framstilt som nasjonale debattar, mens vel så store byutviklingsprosjekt i Bergen, Stavanger eller Tromsø aldri blir diskutert i Dagsnytt 18 eller Aftenposten. Og då blir det lett å senda eit kamerateam ned til noko bittesmått i Oslo sentrum, mens svære arrangement andre stader i landet ikkje blir omtalte. Då norgeshistorias største kulturarrangement – det europeiske kultuhovudstadsåret i Stavanger i 2008 – blei avslutta med 25.000 menneske på torget, var det ingen frå NRK der. Dei prioriterte i staden at Roger Moore deltok på ei messe i ei kyrkje i Oslo sentrum då Kveldsnytt kom same kveld.

Eg har altså eit anna språkleg, geografisk og kulturelt utgangspunkt for mitt virke som journalist og kommentator enn den flokken av mine kolleger som spring rundt i Oslo sentrum. Mykje ser annleis ut når du ser det frå provinsen, langt unna sentralmakta og det dominerande maktspråket. Me som skriv i Aftenbladet, BT eller Adressa blir ikkje særleg lesne i Oslo, men me er heilt avgjerande arenaer for ordsiftet, sjølvforståinga og identiteten i våre regionar. Og sjølv om det ikkje alltid ser slik ut, bur altså 88 prosent av oss ikkje i Oslo. Og det eksisterer altså ganske bra med intelligent liv også utanfor Ring 3.

Eg føler ikkje at eg gjer stort anna enn det som er jobben min. Men det er veldig stas, og veldig inspirerende, å bli sett og å bli sett pris på for det. Alt eg kan gjera er å takka – og lova å skriva meir.

25 framlegg til prisvinnar for 2015

Det kom inn framlegg om 25 namn til fristen 8. april. Juryen hadde møte 4. mai og namnet til prisvinnaren vart kunngjort 18. mai, med pressemelding og presentasjon på nettsidene til departementet og www.nynorskmediesenter.no

Utlysinga av prisen vart kunngjort på nettsidene til Kulturdepartementet, NRK Nynorsk mediesenter, Journalisten, Bergens Tidende, Sunnmørsposten, Klassekampen, LNK-nytt, Framtida.no og på Fjesboka. Vi hadde også lysingar i avisene Dag og Tid, Morgenbladet, Firda, Klassekampen, Journalisten og Bergens Tidende.

I samband med utdelinga av prisen 26. juni sende vi også ut ei pressemelding, sjølvsagt på nynorsk. Den vart brukt i Journalisten, men omsett til bokmål. Kutta litt ned, men elles omsett, ord for ord.

*Kulturdepartementets
nynorskpris for
journalistar 2015*



*«Det er ei ære å få
ein pris, det forpliktar»*
Prisvinnar i 2012 **Hilde Sandvik**, *Bergens Tidende*

*«Prisen gav meg
språkleg sjølvtilitt»*
Prisvinnar i 2009 **Ronny Brede Aase**, *NRK PS*

*«Prisen var ei god og
motiverande løypemelding»*
Prisvinnar i 2014 **Ingunn Solheim**, *NRK*

Kven skal få

Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar i år?

8. april er fristen for å kome med framlegg til kven som bør få Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar i 2015. Skriv kort om kvifor juryen bør velge kandidaten din. Føremålet med prisen er å fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som brukar ein levande og god nynorsk, og er eit føredøme for andre.

Prisen er på 50.000 kroner. Ein jury peikar ut prisvinnaren. Du finn meir om prisen på www.nynorskmediesenter.no. Spørsmål kan du sende til **nynorskmediesenter@nrk.no** eller ringe 970 55 201. Merk framlegga «Nynorskprisen 2015», og send dei til nemnde nettadresse, eller til **NRK Nynorsk mediesenter, boks 100, 6801 Førde**.



KULTURDEPARTEMENTET